



**Fjord**  
kommune

# **Strategi og målsetjing for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune 2021 - 2024**

Vedteke i Kommunestyret 16.09.2021, sak 073/21

## Innhald

<b>Innleiing</b> .....	2
<b>1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteviltforvaltning</b> .....	3
<b>1.1 Krav til bestandsplanane</b> .....	4
<b>2. Oppretthalde beitekvaliteten i utmark</b> .....	4
<b>3. Redusere skadar på innmark og skog</b> .....	5
<b>4. Oppnå ein sunnare hjortestamme</b> .....	6
<b>5. Redusere viltpåkjørsler</b> .....	7
<b>6. Interkommunalt samarbeid</b> .....	7

# Innleiing

Kommunen skal utarbeide ei målsetjing for utviklinga av hjorteviltbestandene i kommunen. Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta) § 3 seier at kommunen skal vedta mål som tek omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfald, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.

Viltloven § 1 fastset at viltet og leveområdet til viltet skal forvaltast i samsvar med naturmangfaldsloven på ein slik måte at produktivitet og artsrikdom blir bevart. Innanfor denne ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæring og friluftsliv. Hjorteviltforskrifta § 1 presiserer at forvaltninga skal sikre bestander som ikkje gjer uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser, som til dømes store beiteskader i jordbruket eller trafikkulykker langs veg.

[Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt](#), vedteke av Direktoratet for Naturforvaltning i 2009, skal leggjast til grunn for dei kommunale målsetjingene. Strategien fastsett 5 overordna mål for korleis ein ynskjer forvaltninga i landet skal bevege seg framover:

- Forvaltninga skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, rikt biologisk mangfald og framtidig produksjon.
- Forvaltninga skal ha brei samfunnsmessig legitimitet.
- Forvaltninga skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar.
- Forvaltninga skal vere basert på høg kompetanse på alle nivå.
- Forvaltninga skal stimulere til auka kvalitet og mangfald av opplevingar, tenester og produkt

Dokumentet *Kunnskapsgrunnlag til kommunale mål hjorteviltforvaltninga 2021-2024* gjev ein oversikt over status for hjorteviltforvaltninga i Fjord kommune med statistikk og utfyllande informasjon som legg til grunn for dei kommunale måla. Dokumentet *Retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond* heng saman med målsetjinga for hjorteviltforvaltninga og viser til tiltak som skal bidra til at måla verte oppnådd. *Forskrift om minsteareal for jakt på elg, hjort og rådyr, Fjord kommune, Møre og Romsdal* fastsett gjeldane minsteareal for kommunen.

Føremålet med dei kommunale målsetjingane er at dei skal vere både eit strategisk og praktisk styringsverktøy for hjorteviltforvaltninga i åra framover. På det strategiske nivået vil dei kommunale måla leggje føringar for dei bestandsplanane som vert godkjent og dei løyve som vert gjeve utanom bestandsplanar. Jaktrettshavarane står i stor grad for den praktiske forvaltninga og gjennomføringa av målsetjingane.

# 1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteviltforvaltning

## Hovudmål:

Det er eit mål at hjorteviltforvaltninga i størst mogleg grad skal styrast av grunneigarane gjennom bestandsplanar, at bestandsplanområda samsvarar med årsleveområdet for den lokale hjortebestanden og at avgjersler innan hjorteviltforvaltninga skal baserast på god kunnskap. Ein skal søkje å ha eit uttak som er rett, både med omsyn på tal og kjønns- og aldersfordeling, ut frå den hjortestammen ein har. Hovudmålet er tett knytt til Hovudmål 2.

## Delmål:

- a. Ha ein fellingsprosent på minimum 75 % i dei ulike bestandsplanområda, valda og i kommunen som heilskap slik at ein kan gjennomføre ein retta avskyting.
- b. Få ein bestandsbasert forvaltning ved å samle alle vald i bestandsplanområder. Kommunen har eit mål å redusere talet på vald som står utanfor bestandsplan frå 20 til 0 i planperioden. Dette er viktig for å oppnå målet om meir grunneigarstyrt forvaltning. Kommunen skal leggje resultata frå forskingsprosjektet «Sunnhjort» til grunn for arbeidet.
- c. For å sikre god kunnskap om bestandene er det eit mål at alle vald rapporterer sett og felte dyr, inkludert slaktevekter, digitalt gjennom [Hjorteviltregisteret.no](https://www.hjorteviltregisteret.no) eller appen *Sett og skutt*. Valdleiar godkjenner registreringane ved jaktslutt. Det skal gjennomførast årlege hjorteteljingar etter same metode som tidlegare for heile kommunen.

**Tiltak:** Søknader om tilskot frå det kommunale viltfondet til kartlegging av hjorteviltbestandene (t.d. hjorteteljing eller aldersbestemming) vert prioritert, og kommunen gjev årleg driftstilskot til bestandsplanområder, jf. *Retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond*.

## 1.1 Krav til bestandsplanane

- a. Bestandsplanane skal innehalde informasjon om for kor mange løyve som kan overførast mellom åra i planperioden.
- b. Alle felte dyr skal rapporterast innan 48 timer og med faktisk alder. Bestandsplanområda skal ha interne rutinar som sikrar korrekt rapportering av sett og felte dyr, inkludert rapportering og kontroll av slaktevekter. Informasjon rapporterast digitalt gjennom [Hjorteviltregisteret.no](http://Hjorteviltregisteret.no) eller appen *Sett og skutt*.
- c. Bestandsplanområda skal syte for at det vert gjennomført hjorteteljing kvart år og at resultat vert meldt inn til kommunen.
- d. Bestandsplanane skal innehalde målsetjing for bestandsutvikling i tråd med dei kommunale målsetjingene. Manglande oppfyljing kan medføre endra tildeling frå Viltutvalet eller omgjering av vedtak om godkjenning av bestandsplan.

## 2. Oppretthalde beitekvaliteten i utmark

### Hovudmål:

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som opprettholder beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggjer opp at beitekvaliteten i sterkt nedbeita område. Hjortestamma bør ikkje verte så stor at det går utover beitekvalitetane i utmarka eller det biologiske mangfaldet. Ein viser her særskilt til prinsippa i naturmangfaldslova, §§ 8-12, og skoglova.

### 3. Redusere skadar på innmark og skog

#### Hovudmål:

Hjorteviltbestandene skal forvaltast slik at beiteskadar på jord- og skogbruket ikkje rammar næringa i urimeleg grad.

#### Tiltak:

- a. Valda har ansvar for å fordele løyva slik at dyr som gjer skade raskt kan takast ut.  
Bestandsplanane må ta høgde for å dele ut fellingsløyver der hjorten er i valda og kan skytast.  
Derfor bør valda halde tilbake løyver som kan delast ut til jaktfelt som feller kvota i område med beiteskade.
- b. Kommunen skal prioritere å gje tilskot til skadeførebyggjande tiltak i jord- og skogbruket, jf. Retningslinjer for bruk av kommunalt viltfond.
- c. Kommunen skal raskt kunne gje løyve til skadefelling av hjortevilt som gjer skade på innmark og skog, jf. naturmangfaldslova § 18.
- d. I situasjonar ved uakseptable skadenivå på landbruksareal skal kommunen nytte høve til å fråvike minstearealet ved tildeling av fellingsløyve («50 % regelen»), jf. rettleiar til hjorteviltforskrifta s. 12 og 22.

## 4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

### Hovudmål:

Oppnå ein sunnare hjortestamme som har ein gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling og høgare slaktevektar.

### Delmål og tiltak:

- a. Auke gjennomsnittsalderen i hjortestamma ved å ha minimum 50 % kalv og ungdyr i uttaket, derav minimum 25 % kalv, og ha eit selektivt uttak av eldre bukk.
- b. Ha ein god kjønnsbalanse i hjortestamma ved å halde andelen kolle pr. bukk mellom 1,2 og 1,5.  
*Sett kolle pr. bukk for heile kommunen var 1,29 i 2020 og 1,19 i perioden 2018 til 2020.*
- c. Auke slaktervekter for kalv til minimum 28 kg, 1 ½ åringar bukk til 52 kg og 1 ½ åringar kolle til 46 kg.

*Snittvekt i 2018-2020 var 26.9 kg for kalv (både kjønn), 50.8 kg for 1 ½ åringar bukk og 43.7 kg for 1 ½ åringar kolle.*

*Snittvekt i 2015-2017 var 27.3 kg for kalv (både kjønn), 51.9 kg for 1 ½ åringar bukk og 46.2 kg for 1 ½ åringar kolle.*

## 5. Redusere viltpåkjørslar

Viltpåkjørslar er ein stor kostnad for samfunnet gjennom å gje store økonomiske tap og liding for både folk og dyr. Talet på påkjørslar i Fjord kommune har over lengre tid lege på omtrentleg 10 hendingar pr. år. Påkjørslene er i stor grad konsentrert i dei nedre dalstrøka i Stordal og Valldal.

### **Hovudmål:**

Fjord kommune har som målsetjing å redusere talet på påkjørslar år for år i planperioden, og eit langsiktig mål om å få talet på påkjørslar ned til null. Hjortestamma skal reduserast og haldast på eit nivå slik at trafikkskadar minimerast.

### **Tiltak:**

- a. Ein skal unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg, jf. veglova.
- b. Fjord kommune skal gjennom samarbeid med aktuelle aktørar undersøke og setje i verk føremålstenlege avbøtande tiltak for å oppnå målsetjingane om å redusere viltpåkjørslar i kommunen.

## 6. Interkommunalt samarbeid

Fjord kommune skal samarbeide med nabokommunar der det er føremålstenleg for å oppnå ein bestandsretta hjorteforvaltning. Kommunen skal bidra til samarbeid mellom vald, også utover eigen kommune der dette er naturleg.